



Kolset Tidende

Nr 2 * Årgang 23

Desember 2019

Innhald:

- Styret har ordet
- Leirgulen Idrettslag informerer
- Smalsarhorn Skulemusikk med nytt korpssamarbeid
- Rugsund Sokneråd 2020
- Nye innbyggjarar
- Rugsund Sanitettslag
- Dugnadslotteri i Rugsund Skyttarlag
- Terminliste Rugsund Skyttarlag
- Takk frå Kolset Barnehage
- Lån av møterom i Kolset Oppvekst
- Seniordansen i full sving
- Takk frå Kolset Montessoriskule SA
- God gammaldags jul



STYRET HAR ORDET

No er snart dei siste hummarteinene dregne, kulda har byrja å gjere seg gjeldande, og jula er snart på gong. Og vi gir med dette ut eit nytt nummer av **Kolset Tidende**.

I KKU har vi hatt eit spesielt travelt år. Skulen vår har for alvor vore trua av nedlegging, no meir alvorleg enn nokon gong. Det gjekk som bygda ville også dette året, men kor lenge det kan vare, veit vi ikkje. Vi får håpe at Kolset Montessori veks opp etter at kommunen eventuelt legg ned drifta ved skulen.

Truslar om nedlegging av skulen har også satt i gong eit nytt prosjekt, «Prøvebu-prosjektet». Her kjem ei kort oppdatering på prosjekta KKU arbeider med.

Prøvebu-prosjektet: Dette prosjektet går kun ut på å rekruttere familier med barneskulebarn til bygdene våre. Alle er sjølvsgått velkomne til å flytte til oss, men det er først og fremst barnefamiliar som vert tekne opp i prosjektet og får KKU si støtte. Dette har så langt gitt bygda 9 nye innbyggjarar. To har alt flytta hit, og sju kjem til nyttår. 5 nye barneskulelevar frå hausten av i tillegg til dei 10 som går der frå før. Ta vel imot dei alle!

Og prosjektet held fram. Vi har hatt meget bra dekning i media, og vi har mellom anna blitt kalt «Virkelighetens Himmelblå» i NRK P3. Vi har familiar som akkurat no er interessert i å flytte hit, og vi treng bustadalternativ til dei om dei gjer alvor av det. Har du bustad til leige eller for sal, så ta kontakt med oss!

Prosjekt fleirbruksbane: Største delen av fleirbruksbana står ferdig. Her kan ein spele fotball, tennis, springe 60-meter, eller hoppe lengde. Berre opprydding og litt små-utbetring står att. No gjer vi klart for å bygge eit service-bygg der ein kan drive kiosk ved arrangement, og lagre utstyr til bana.

Prosjekt Gloføykje: Taket på naustet er på plass, og stien forlenga. No blir det arbeidd for å få Statens Vegvesen til å sikre vegen på utsida om området med gjerde, senka fartsgrense eller liknande.

Prosjekt lydanlegg: Det nye lydanlegget er no kome på plass i gymsalen, og berre nokre få tilpassingar står att. Vi takkar Musikkverkstaden for godt samarbeid så langt.

Bustituasjonen i bygdene: Bremanger kommune arbeider med å få på plass byggeklare tomter i byggefeltet på Kolset, men vi ventar framleis på at dei skal bli klare for sal.

Oppvekst: Vi er sikre kommunal skule på Kolset kun ut dette skuleåret. Kva som skjer vidare no som vi er flere elever enn det prognosane viser, er vanskeleg å seie. Men Kolset Montessori SA er etablert, og vi håpar uansett på skule på Kolset også frå hausten 2020.

Sandvolleyballbana: Sandvolleyballbana er litt nede for telling om dagen, men her har Tor Ivar Bortne og Jan Åge Liset tatt på seg å drive fram nokre dugnadar og planar for å få den opprusta. Tor Ivar har også laga til ein flott grillplass ved bana på vegne av KKU.

Samferdsle: Her arbeider KKU stadig med innspel til styresmaktene med forslag om forbetringar, og av og til blir vi høyrde. Mellom anna har vi fått bussen som kjem i frå Davik for å hente skuleelevar, også til å ta med seg folk til ekspressbåten på morgonen.

Jul i Kolset krins: Julegrana vart tent på Kolset 25.november. 7.desember ser vi at Smalsarhorn skulemusikk i samarbeid med korpsa i nabobygdene skal arrangere «God, gamaldags jul» på Kolset. 14.desember vert det julekonsert i Rugsund kyrkje. Vidare satsar KKU sine medlemmer på å arrangere dans til Spik Adel på Kolset 27.desember, og mogleg ein quiz på Kolset 30.desember. Det vert også juletrefest med Frelsesarmèen 3.januar. Dette er eit ambisiøst og bra juleprogram, så støtt opp med å delta!

KKU på nettet: KKU er til stades på facebook-gruppa Kolset Krins, og har si eiga heimeside www.kolsetkrins.no. På facebook-sida kan medlemmer publisere sjølv, medan stoff til heimesidene kan publiserast gjennom Per-Kjetil Leirgulen eller Espen Gulliksen.

Julgrana er no på plass på Kolset Oppvekst. Treet har vi fått av Even Olsbø og det er sett på plass av styret i KKU. Takk til dei!

KKU jobbar for utvikling og trivsel i bygdene våre, og vil gjerne at flest mogleg av innbyggjarane er medlem i laget. Og har du enno ikkje betalt kontingent for 2019, så gjer det gjerne no.

Med dette vil KKU ønske dykk alle eit riktig

GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR!

For styret i Kolset Krins Utviklingslag
Espen Gulliksen
-leiari-



LEIRGULEN IDRETTSLAG

Vi i LIL ynskjer å skape treningsglede for alle i alle aldrar.

Treningstider

Onsdagane 17.00-18.00 barnetrim for alle barn i barnehagealder.

Onsdagane 18.00-19.00 barnetrim for alle barn i Barneskulealder.

Her legg vi opp til mykje frileik for dei minste og litt meir strukturert for dei eldre men og med mykje leik og moro. Ansvarlege her er Marie Laugerud og Renate Storøy.



Her er biletet frå årets Halloweenfest vi hadde med ungane. Veldig kjekt for store og små!

Torsdagane 19.00-20.00 dametrim. Ansvarleg Hrafnhildur Eva Olafsdottir.

Torsdagane 20.30-21.30 herretrim. Ansvarleg Øyvind Leirgulen.

Trimmen er eit lågterskel tilbod som passar for alle aldrar.

Ynskjer du å delta eller lurer på det, så er det berre å møte opp eller ta kontakt med nokon i styret 😊

Alle er hjertelig velkommen!

Fjelltrimmen / Barneløypene:

1.mai byter vi bøkene på turmåla våre. Trimåret og poengsankinga for 2019 går fram til 1.mai 2020. Dersom veret er dårleg / mykje snø, kan det gå litt tid før bøkene vert bytta – men poenga dine vil likevel kome med på rett år.

Premiar for 2019/2020 vert delt ut i starten av sommarferien.

Fjelltimmen har bøker på følgjande turmål:

Troda (varden) 10 poeng

Raudalskammen (varden) 7 poeng

Søndstua (varden) 5 poeng

Raudalen (mur vest for selet til Hildegunn) 3 poeng

Raudehaugen (hytta til Åshild, postkasse) 3 poeng

Huldrehaugen (utedoen) 3 poeng

Kyrahaugen (mur i nærleiken av hytta til Svein Inge) 3 poeng

Skaravatnet (hytta til Knut) 2 poeng

Gloføyvatnet (postkasse i løypa ved vatnet) 2 poeng

Heidasteinane (postkasse, stien til Djupedalen) 2 poeng

Tongane (bislaget på forsamlingshuset) 1 poeng

Djupedalen (hytta til Bjørg og Johan) 2 poeng

Skatestraumen (på stien fra Nygård mot Nygårdssætra) 1 poeng

Barnefjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:

Tongane (bislaget på forsamlingshuset) 3 poeng

Hagen (skogsvegen fra lada til Solfrid) 1 poeng

Storfurua (ovanfor Tordis, i løypa fra barnehagen) 1 poeng

Hakkebakkeskogen (Stranda, løypa fra trimstova) 1 poeng

Øyna rundt (midtvegs i løypa, start ved Magne) 1 poeng

Vågen/Ranhøgda (start ved garasjen ved kyrkja) 1 poeng

Holten i Leira (i løypa mot Heidasteinane) 1 poeng

Mummisteinen (start ved grinda i Rabben) 3 poeng

Brauta (Blålida, løypa startar ved Geir) 1 poeng

Bortnen (skogsvegen mot Bortnestøylen/Skaravatnet) 1 poeng

Skatestraumen/Nygård (start ved avkjørsla til Jan Inge) 2 poeng

Grasrotandelen

Du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget – og dermed kome tiltak i nærmiljøet ditt til gode. Vårt org. nr. er 986124691

Styret i LIL ser slik ut for 2019:

Marie Laugerud leiar

Espen Gulliksen kasserar

Hrafnhildur Eva Olafsdottir nestleiar

Roy Cato Edvardsen styremedlem

Therese Kolseth skrivar

Smalsarhorn Skulemusikk med nytt korpssamarbeid

For korpsåret 2019/2020 har Smalsarhorn Skulemusikk starta eit nytt og musikalsk samarbeid i lag med nabokorpsa Davik musikklag og Ålfoten hornmusikk. Å samarbeide på tvers av alle bygdene er noko styra har hatt oppe til diskusjon med jamne mellomrom.

Palmehelga, 4. april 2020, feirar Davik musikklag 100års – jubileum, og dei nyttar dette høvet til å invitere til eit samarbeid, med felles øvingar. Vi er framleis tre sjølvstendige korps med eigne styre og økonomi. I tillegg har vi eit samarbeidsstyre.

Det er fleire gode grunnar for å spele saman på tvers av bygdene. Den aller viktigaste grunnen er større speleglede for både vaksne, ungdomar og born. Alle korpsa opplever at musikantar sluttar i korpsa når dei når ungdomsstegsalder. Med å slå oss i lag håpar vi at vi klarer å oppretthalde spelegleda slik at ungdomane er med i korpsa til dei startar på vidaregåande. Speleglede er også viktig for dei vaksne. Mange av dei har vore med i korps i over 30 år. Likevel ynskjer dei vaksne å utvikle seg musikalsk og spele stykke som fengjer og kling godt.

Med eit større korps er det enklare å halde oppe vanskegrad på låtane, og gje utfordringar til alle instrumentgrupper. Det aller viktigaste for korpsa våre er sjølvsagt rekruttering. I bygdene våre er det dverre færre og færre born, og ikkje alle vel korps. Difor er det viktig å ta vare på dei som startar. Populariteten til korps går i bølgjedalar frå bygd til bygd. Det vert enklare for ein eller to å starte når ein veit at det er born med frå andre bygder. Pausane er svært viktige for borna. Då er det viktig at der er nokon å leike med!



Kvar måndag øver vi på Kolset oppvekst, og vi har vore heldige og fått Jonny Sælemyr som dirigent. På øvingane er vi 43 på det meste. Eit generasjonskorps frå 9 år til 60+. Ein positiv ringverknad er at både Svelgarar og vidaregåandeelever synes dette er så kjekt, at dei prioriterer å komme og spele saman med oss. Vi har det veldig kjekt på øvingane, både musikalsk og sosialt. Det å møtast på tvers av alle bygdene er med å ta vare på og skape nye venskap.

Denne hausten kan du høre oss spele her:

- ❖ *24. november Musikkafè på Ålfottunet*
- ❖ *7. desember «God Gamaldags jul» på Kolset oppvekst*
- ❖ *14. desember Julekonsert i Rugsund kyrkje*
- ❖ *15. desember Julekonsert i Davik kyrkje*

Vi håpar du vil komme og høre oss spele!
Har du lyst å vere med og spele? Du er hjarteleg velkommen!

På vegne av korpsa,

Merete Storøy og Gunnhild Bakke



Rugsund Sokneråd 2020:

Leiar:	Audhild Storøy
Nestleiar:	Anette Midtbø
Kasserar:	Ingvar Nygård
Sekretær:	Siv Holmøy
Misjonskontakt:	Åsmund Bortne
Diakonikontakt:	Grete Storøy

Vara:

Irene Storøy
Arnvid Strømmen
Audhild Hunskår
Olav Bortne
Alf Bortne

Velkomne til Rugsund kyrkje:

Julekonsert 14.desember kl 17:00

Gudsteneste 1. Juledag kl 11:00 ved Mathias Austrheim

Stor takk for den varme velkomsten

Det er Mia (10 år) og Eva (45 år), med etternamn Meisler, som er fulle av lovord over velkomsten dei fekk i sommar, då dei var her for å gjere seg kjende, og no i oktober då dei kom flyttande. - Mange stilte opp med omvising i nærområdet, eit stort, flott hus venta på oss, og Åse tok oss med på omvising i Vingen. Blomster og krabbe på døra no då vi kom, og to fadderfamiliar som stiller opp, er andre døme på kor velkomne vi kjenner oss. Ikkje gløym å seie hjarteleg takk for alt dette når du skriv om oss, seier dei to fornøgde damene.



Familien kjem frå Trøndelag, og dei har budd lenge i Trondheim.

Eva er helsefagarbeidar, og 1. november byrja ho i jobb på Svelgen Omsorgssenter. Der likar ho seg veldig godt. Håpet er at sambuar Remy (45 år) snart skal få seg arbeid her, slik at han og sonen Leon (11 år) kan flytte hit. No blir det berre helgebesök, men jula skal i alle fall feirast her. Remy jobbar innan finans, og vi kryssar fingrar for at det snart må bli ei ledig stilling i nærområdet.

Eva fortel at dei såg annonsen til KKU på Facebook, og dei byrja fort å snakke om å søkje. Dei var leie av køar og bompengar, og dei hadde sakna eit rolegare liv i naturnære omgjevnader. Eva er glad i friluftsliv både på sjøen, i marka og på fjellet, så når det vårest, gleder ho seg til å utforske naturen her. Ein annan ting ho gleder seg til, er å smake hjortekjøt, så det må ho få høve til med det første. Eva hadde strikketøyet liggande på sofabordet, og ho stadfesta at så snart ho har tid, strikkar ho.



Mia er byrja i 5. klasse i Kolset skule, som no er udelt. Sjølvsagt var det rart og annleis med ein så liten skule, men ho ser mange fordelar. – Eg har dysleksi og har streva med å få nok hjelp på den store skulen eg gjekk på. Her er det lite venting når eg treng hjelp, alle er i lag, og vi har det kjekt i friminutta. Mia fortel vidare at ho er veldig glad i dyr. Ho har med seg to kattar heimanfrå, og ho har allereie vore på besök i fjøsen til Åse. Det gav meirsmak, så ho vil gjerne på fleire fjøsbesök. Mia ser verkeleg flott ut i Felleskjøp-dressen. Av andre interesser nemner ho særleg turn, og ho er byrja på trim i gymsalen på Kolset.

Kolset Tidende takkar for den koselege praten og ønskjer den nye familien endå ein gong hjarteleg velkomne. Vi håper alle fire snart kan bli samla igjen, og at dei ønskjer å bli verande her.

B.D.L.

Rugsund Sanitettslag

Rugsund Sanitettslag arrangerte i haust sin årlege basar med godt oppmøte. Loddlister, 3 åresal og sal av mat, kaker frå eit rikholdig bord og kaffi gav eit godt resultat.



Ein stor takk til bygdafolket som støtta Sanitetten! Dette gjev rom for støtte til nødvendige tiltak og utstyr i Kolset krins. Sentralt set vi fokus på kreftsak og psykisk helse, regionalt arbeider vi for Krisesenteret i Florø og lokalt for at omsorgberedskapen skal vere optimal.

På sist leiarmøte blant dei ulike laga i krinsen, drøfta vi å få hjertestartar til oppvekstsenter. Naturleg plassering etter vår mening, då dette er samlingsplassen i krinsen.

Sanitettslaget er gjerne den ekstra omsorgspersonen som kan gje gode opplevelingar ved ulike hendingar. Den tradisjonelle skulelunsjen for skule, barnehage og tilsette før feriane, gleder alle seg til.

Rugsund Sanitettsforeining har eksistert i mange, mange år i krinsen og ynskjer fleire med i vårt arbeidslag. Håpar det vil bestå og vere ein bidragsytar til lokalsamfunnet fram i tid. I medlemsskapet får ein bladet Fredrikke heim i posten.

Rugsund Sanitettsforeining ynskjer alle ei retteleg god jul!

*Eldrid Eli Strømmen
Leiar*

Dugnadslotteri Rugsund skyttarlag

Rugsund skyttarlag sitt lotteri i 2019 gav laget ei ekstra inntekt på nesten 20.000 kroner.

Dette er vi svært godt nøgd med og det kjem vel med til drift og vedlikehald av baneanlegget.

Vi vil med dette takke alle som har sponsa oss med gevinstar, og for god oppslutnad om loddsalet frå både medlemmar og andre.

Lotteriet har fått namnet **Dugnadslotteriet** fordi vi vil at medlemmar som ikkje har hatt høve til å delta på dugnadsarbeid eller vil støtte laget med nokre ekstra kroner skal kunne gjere dette ved å kjøpe lodd ved laget sine arrangement på bana gjennom sesongen.



Dugnadslotteriet hadde eit stort gevinstbord

Styret i Rugsund Skyttarlag 2019:

Leiar: Per Inge Solvang
Nestleiar: Jan Inge Nygård
Kasserar: Håvard Lofnes
Sekretær: Harald Skaar
Styremedlem: Arnt Willy Landøy

Trekning Dugnadslotteri 2019

Nr.	Gevinst	Sponsor	Vinnar
1	Tursek Jotunheim	Sparebanken Sogn og Fjordane	Hans ,Henriette, Simon Olsbø Frøyen
2	2 t-shkjorter + 1 fiskeharpe	Rugsund Handelsstad	Steinar Storøy
3	Fiskeharpe	Kaibutikken, Måløy	Bjørg Elvebakke
4	Skrujernsett	XL-Byggs, Måløy	Helene Hamre
5	4 stk. Bremanger bygdebok	Steffen Hamre	Kåre Solvang
6	Grillsett	Jernia, Måløy	Amalie Kløvold
7	Brannslukningsapparat 6 kg	Sentronik, Måløy	Alf Kåre Askeland
8	Brannslukningsapparat 2 kg	G. K. Solheim Snikkarverkstad	Asle Skaar
9	Gravemaskin + 2 barnebøker	Joker, Davik	Svein Inge Strømmen
10	Badehandklæ	S. Tennebø Rør a/s	Jan Terje Kolseth
11	Sydvest og regnponscho	S. Tennebø Rør a/s	Tidemann Hamre
12	Refleksvest	S. Tennebø Rør a/s	Harald Skaar
13	Refleksvest	S. Tennebø Rør a/s	Harald Skaar
14	Gorojern	R. Hestenes	Ove Dombestein
15	Refleksvest, caps og 2 buffar	Brødrene Selstad	Magne Aasen, Hyen?
16	Myggfelle	Radio/tv – service	Grete og Trygve Bøen
17	Veggur	Radio/tv – service	Magne Åsen
18	Sushi-sett	Kontorpunkt, Måløy	Petter Haukedal
19	Tursek svart	Jobbpartner, Måløy	Jan Kolseth
20	Bilpleiesett	Bil-Extra, Eid	Vidar Solheim
21	Skogstad lue + 2 refleksband	Skogstad Sport	Vebjørn Solvang
22	Skogstad lue + 2 refleksband	Skogstad Sport	Fam. Idar Dombestein
23	Omo vaskepulver	Felleskjøpet, Eid	Erlend Birkeland
24	Cirkelsag	Bygger`n Eid Bruk	Martin Hamre
25	Kasserolle 1,5 liter	Coop prix, Svelgen	Ole Jensen
26	Shampho og voks	Vito, Svelgen	Julie og Ludvig
27	Lys, serviettar og twist	Leirgulen Handel	Aleksander Olsbø
28	Kattemat 2 kg	Eid veterinar	Kristoffer Bortne
29	Pyntelys	Mekk, Eid	Idar Dombestein
30	Haudelykt	O. Grotle eftf.	Torine Bortne
31	6 pk. Kaffi	O. Håvardstun a/s	Even D Landøy
32	Refleksvest og 2 refleks	Sparebanken Sogn og Fjordane	Alf Kåre Askeland
33	Beautybag for hund	Pets, Eid	Bertil Olsbø
34	Paraply	Pets, Eid	Elling Leirgulen
35	Ryggsekk helt kongle	Sparebanken Sogn og Fjordane	Geir Aardalsbakke
36	Refleksvest, caps og 2 buffar	Brødrene Selstad, Måløy	Markus Nybø Bakke
37	Krus med diverse	Mørenot, Måløy	Kristoffer Bortne
38	Krus med diverse	Mørenot, Måløy	Jim Solheim
39	Krus med diverse	Mørenot, Måløy	Karoline Leirgulen
40	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Keth og Ole Bøen
41	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Otto Lofnes
42	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Kristoffer Elvebakke
43	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Terje Solvang
44	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Gro Abildsnes
45	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Leif Jarle Olsbø
46	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Harald Skaar
47	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Johan Lofnes
48	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Eldrid og Magne Strømmen
49	T-shirt og caps og buff	Mørenot, Måløy	Geir Olsbø
50	Caps +2 buffar	Mørenot, Måløy	Bjørg og Per Bøen
51	Caps +2 buffar	Mørenot, Måløy	Jan Inge Nygård
52	Caps +2 buffar	Mørenot, Måløy	Henny Hamre
53	Dagstursek	Gardit	Arnt Willy Landøy
54	Teppe	Sunde Møbler, Eid	Trond Furnes
55	Fruktkorg	Spar, Kalvåg	Per Inge Solvang
56	Kopp	Kitchen	Bjarte Haukedal

Terminliste Rugsund Skyttarlag 2020

Dag/dato:	Tidspunkt:	Arrangement:	Ansvarlege:
Laurdag 7. mars	kl .09.00	Dugnad	Styret (meld frå til styret at du kjem)
Laurdag 28. mars	kl. 09.00	Dugnad	Styret (meld frå til styret at du kjem)
Søndag 26. april	kl.14.30- 17.00	Trening/ Jaktskyting	Jan Inge , Per Helge, Mondrad.
Tysdag 05. mai	kl.17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Per Inge , Paul Midtbø, Jan Åge
Søndag 10. mai	kl. 12.30-17.00	Skytingens dag	Styret
Tysdag 19. mai	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Harald , Øystein, Roy Cato
Søndag 24. mai	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Arnt Willy , Arve Svarstad, Steffen Hamre
Tysdag 2. juni	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Jan Inge , Geir Årdalsbakke, Jan T.Kolseth
Søndag 14.juni	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktlagskyting	Harald , Geir Olsbø, Alf Bortne
Tysdag 23.juni	kl. 17.30-1900	Trening/Jaktskyting	Håvard , Arild L. Tonje
Søndag 28. juni	kl. 11.00-17.00	Lagskyting/Dugleikmerke Påmelding innan 29. juni	Per Inge , Idar, Svein L.
Søndag 12 . juli	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Arnt Willy , Bjarte H, Henning B.
Tysdag 14.juli	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Håvard , Jarle Å, Mattis Hamre
Tysdag 04. august	kl. 1730-19.00	Trening/Jaktskyting	Jan Inge , Knut Erlend, Jon Nygård
Søndag 09. august	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Arnt Willy , Ole Jensen, Asle Skaar
Tysdag 11. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Harald , Rune L, Jon Arild
Søndag 16. august	kl. 13.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Per Inge , Åse, Kjell L.
Tysdag 18. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Håvard , Leif Jarle, Johan

Ta kontakt med styret for bruk av skytebana utanom oppsette dagar.

Vi oppfordrar til betaling over bankterminal på bana. Vi ønskjer å unngå betaling med kontantar.

Styret håpar at dei ansvarlege som ikkje kan møte til oppsett tid, seier frå til leiar på tlf. 41233925

Vi oppfordrar dei ansvarlege til å ha med mobiltelefon, samt å lese oppslag; Krise- og beredskapsplan. Den som står først på lista (**utheva skrift**), har hovudansvar og kontaktar medansvarlege. Nøkkel til bana får ein ved å ta kontakt med leiar.

NB! Skytebana er elles open for skyting alle vekedagar i tidsrommet; hjortejakta slutt - til siste oppsett skyteaktivitet på terminlista.

All skyting må skje i samsvar med baneinstruksen, jf. stengd vegbom og varsselflagg skal vere heist. Baneinstruks og Krise- og beredskapsplan er oppslegne på skytebana.

Luftgeværskyting for dei yngste (aldersgrense 8 år) startar opp mandag 6.januar kl. 18.00

Dame/jente-gruppe, med skytetrening for jakt / baneskyting oppstart veke 3

Opplegget rundt dette kan gruppa legge opp etter ynskje. Skyttarlaget har eigne instruktørar som kan vere med å hjelpe til.

Oppstart med luftgeværskyting i vintermånadane, og trening ute med 22 og 6,5 cal utover våren. Dei som kan tenkje seg å vere med på dette kan ta kontakt med Åse Leirgulen.

Skyttarlaget har kjøpt inn 3 lagsvåpen, Sauer 200 kal.6,5. Desse våpena er tenkt til bruk for alle medlemmar under trening og event. deltaking på lagskyting og stemme.

Julegrantenning

FAU ved Kolset oppvekst inviterte til julegrantenning mandag 25. november.
KKU hadde fått på plass eit staseleg tre, foreldre selde julegløgg, kaffi og pepperkaker
og med Smalsarhorn skulemusikk sine juletonar vart dette ei høgtideleg og flott stund.

Takk til Leirgulen Handel som sponsa både Gløgg og kaker.

Barnehagen takkar hjarteleg for pengegåva på kr 767,- ,
Vi takkar òg SSM med dirigent Jonny Sælemyr, KKU og foreldra som samarbeider for
å få til denne tradisjonelle samlinga rundt julegrantenninga .

Vi ynskjer alle ei fin adventstid !

For barnehagen
Astrid E. Olsbø



Utlån / utleige av møterom på Kolset Oppvekst

På Kolset Oppvekst er det tilgjengeleg tre typar lokale til utlån/ utleige:

- Eit møterom med plass til om lag 12 peronar
- Eit klasserom med plass til om lag 20 personar
- Gymsal med tilhøyrande kjøkken.

Dersom du ønskjer å bestille møterom på Kolset Oppvekst, kan du ta kontakt med Bremanger Servicekontor på telefon 57796300.

Dei som er tilsett i kommunen og har tilgang til Outlook, kan legge inn bestillingane sine sjølv.

Seniordansen i full sving

Annankvar tysdag kl 19 møtest over tjue (av og til litt færre) ivrige dansarar i gymsalen i Kolset klar for innsats. Vi dansar ein heil klokkeime, og så kjem den populære kaffipausen med heimebakst til. Då går praten livleg, og ut frå eit trimperspektiv kan denne pausen bli i lengste laget, men vi kjem i gong igjen og dansar til kl 21. Høyrest ikkje dette kjekt ut? No skal de få vite litt om kva vi elles har gjort sidan førre nummer av Kolset Tidende.



Vårhalvåret vart avslutta 4. juni med tur til Ullsheim og Grodås. Vi var så heldige at vi vart inviterte til den koselege og flotte hytta til Margunn og Kåre i Ullsheim i Markane, og vi takka ja med ein gong. Dei hadde ordna med eit besøk på skiskyttaranlegget i nærliken av hytta, og dette vart ei skikkeleg kjekk oppleving. Far til Johannes og Tarjei Bø fortalte om korleis åra har vore i denne skiskyttarfamilien, og vi fekk sjå videoopptak. Han var utruleg dyktig til å formidle, og vi håper brørne vil lukkast med idretten sin i mange år framover.

Etter denne økta gjekk turen til hytta, der ein herleg lunsj venta på oss. Alle fekk plass i den store, koselege stova, og maten smakte nydeleg. Nokre av oss fekk lyst å danse, og til og med det var der plass til, men så måtte vi nyte uteområdet og. Kåre arrangerte pilkastkonkurranse, og vi måtte sjølvsgåt fotografere litt. Vi kunne ha vore der mykje lenger, men vi hadde avtalt besøk på Svormuseet på Grodås, så turen måtte gå vidare.

Bilethoggaren Anders Svor kom frå Hornindal og levde samtidig med den meir kjende Gustav Vigeland. Anders studerte i Oslo, København og Paris, og han var så dyktig at han vann konkurransar der andre store kunstnarar deltok. Svor hadde utstillingar både i inn-



og utland, og heldigvis kan vi sjå mange av verka hans på museet på Grodås. Eit besøk der kan verkeleg anbefalast.

Turen vår vart avslutta med middag på Raftevoll hotell, som no har fått namnet Havila Hotel Raftevold. Ei koseleg avrunding på ei minnerik sommaravslutning.

Vi starta opp etter ferien 27. august, og etter det har vi hatt faste danseøvingar. Søndag 27. oktober var vi på Klokkartunet og dansa, og prata med bebruarane der. Dei set stor pris på at vi kjem på besøk, og vi måtte love å komme snart igjen.

No er det adventstid, og jula som står for døra. Vi er så heldige at vi får ha juleavslutning på Dampen i år og. Det blir 10. desember, og oppstart etter nyttår er tysdag 7. januar. Vi ønskjer alle lesarane av **Kolset Tidende** ei god jul, og hugs- nye dansarar er hjarteleg velkomne heile tida.

Kolset Montessoriskule SA

Styret i Kolset Montessoriskule SA har fått stor støtte frå bygda i året som har gått. No ventar vi i spenning på svar på søknaden om oppstart av skule, som er venta på nyåret.

Salet av andelar gjekk over all forventing. Vi måtte reise minimum kr 100.000,- i eigenkapital for å få sende søknad til Utdanningsdirektoratet. Ved utgongen av februar månad var det i alt selt 320 andelar á 500 kr, noko som betyr at vi fekk inn heile 160.000 kr. I desse dagar sender vi ut andelsbevis til alle andelseigarar.

Vi vil med dette gje ein stor takk til alle som har støtta oss, både i og utanfor bygda!

Helsing styret i Kolset Montessoriskule SA

Svein Leirgulen

Per Kjetil Leirgulen

Jan Åge Liset

Therese Kolseth

Bjørg D Lofnes

Renate Storøy

Ove Kristian Leirgulen



INVITASJON TIL

«GOD GAMMALDAGSJUL»

Kjære bygdefolk, utflyttarar og andre interesserte i
kommunen vår
Smalsarhorn skulemusikk og Kolset oppvekst ønskjer å ta
deg med på ei lita reise tilbake i tid denne førjulskvelden.

7. desember

Kl. 18:00 – 21:00

Kolset oppvekst

vaksne: 200,-

Born under 16 år: 100,-

(Elevar ved Kolset oppvekst og barnehageborn er gratis)

su innan 27. november til
anettmi@online.no eller ring/ SMS 90962111